


## Årsmelding 2011



## Rektor si innleiing

**Som vitenskapleg høgskule har NIH stabile kjerneoppgåver: studiar, forskning og formidling. Fagprofilen er utprega tverr- og fleirfagleg og idrettsforståinga er brei.**

På NIH studerer vi organisert idrett, kroppsoving, dans, friluftsliv, mosjon og trening i alle former. Vi hentar perspektiv frå naturvitskap, samfunnsvitskap, humaniora og medisin. Studieporteføljen er omfattande med fem bachelorløp, fire årsstudiar og fire masterprogram.

NIH har i 2011 gjennomført sitt første år med ny strategisk plan som skal gjelde for 2011-2015. Prioriteringane er klare. Høgskolen skal styrke kvalitet, men ikkje omfang i lågare grads studiar. Eventuell auke i studenttal vil kome på masternivå. Forskingsmessig skal høgskolen prioritere trening og prestasjonsutvikling i idrett, tilhøvet mellom fysisk aktivitet og helse i folkesetnaden, og kroppsoving og fysisk aktivitet i skulen. Vi har i løpet av 2011 lyst ut fire øyremerka stipendiattstillingar som eitt av fleire verkemiddel. Organisatorisk skal det vere kontinuerleg og systematisk

arbeid med rekruttering og arbeidsmiljø. Når det gjeld infrastruktur og anlegg er målet for perioden klart: I 2015 skal NIH framstå i fullt rehabilitert drakt.

Søkjartala for 2011 var svært gode, og gjennomstrøyminga bra. Høgskolen har i tillegg lagt inn nye ressursar for å styrke internasjonalisering av studiane. Eit nyoppretta internasjonalt kontor har gjeve resultat. Året 2011 innebar ein klår rekord i form av at fleire av studentane våre reiser ut og fleire utanlandske studentar vel NIH.

Forskingsmessig har 2011 vore eit svært godt år. NIH er forskingsintensiv og mellom dei mest produktive i UH-sektoren når det gjeld publikasjonar per vitenskapleg tilsett. Vi ser òg at publikasjonsmønsteret er meir allsidig, og at fleire fagmiljø bidrar.



Våre to forskningssenter, Senter for idrettsskedeforskning og Forskningssenter for trening og prestasjon, er integrerte delar av verksemda. Både sentra er støtta av Kulturdepartementet og einar behovet for kunnskap frå samfunn og idrett med høg vitenskapleg kvalitet. Senter for idrettsskedeforskning er godt etablert og har blitt verdslaiande innan sitt fagområde. Forskningssenter for trening og prestasjon vart etablert i 2009 og syner god utvikling.

NIH ønskjer å vere ei tydeleg, idrettsfagleg stemme i det offentlege rom. Omdømmeundersøkingar i 2011 slår som tidlegare år svært positivt ut og syner at NIH lukkast med sine mål om å vere synleg, truverdig og relevant. Vi har mange medarbeidarar som er flinke i si formidling av relevant kunnskap. Vi tar nye, sosiale media i bruk, og vi har intensivert arbeidet med å tydeleggjere kompetansen til kandidatane våre i samfunns- og arbeidsliv. Mellom anna starta vi i 2011 eit alumninettverk for tidlegare NIH-studentar. Sjekk NIH sine sider på Facebook for å finne ut kva som skjer.

Undervising, forskning og formidling krev ressursar og god infrastruktur. Vår avgjerande ressurs er menneskeleg kompetanse og ein organisasjon som fremjar produksjon og trivsel. Den noverande organisatoriske løysinga er snart 10 år gammal. I 2011 planla vi ein ny gjennomgang av organisasjonen som skal gjere oss enda betre eigna til å løyse vårt samfunnsoppdrag.

NIH er ein ung institusjon, men på eitt punkt er det faktisk slik at alderen tynger. NIH er mellom landets mest brukte idrettsanlegg. Her er det aktivitet frå tidleg morgon til sein kveld heile veka. Våre vakre anlegg er nedslite. Etter godt samarbeid med Kunnskapsdepartementet har Statsbygg i 2010 gjennomført prosjektering av ei storstilt rehabilitering. Prosjekteringa og kostnadsoverslaga er kvalitetssikra, og vi ventar no på politisk handsaming. Vi ser fram til progresjon og eit rehabilitert anlegg til glede for både studentar, fagtilsette og idretten.





# Om Norges idrettshøgskole

Som vitenskapelig høgskule har Norges idrettshøgskole (NIH) eit særleg nasjonalt ansvar for forskning og utdanning i idrettsvitenskap. Ved NIH forstår vi idrett i vid forstand som ulike former for menneskeleg rørsleaktivitet: organisert idrett, kroppsøving, friluftsliv, leik, dans, trening og mosjon.

NIH driv forskingsbasert på eit breitt spekter av disiplinær, fag og aktivitetorienterte tilnærmingar. Forskinga støttar NIH sine studieprogram som skal dekke samfunnet sine behov for kompetanse innan feltet. Studieprogramma utdannar til arbeid innan idrett, skuleverk, helsevesen, offentlig forvaltning, privat og frivillig sektor, forsvar og høgare utdanning og forskning. NIH har vidare ansvar for formidling av relevant kunnskap til samfunnet.

Alle NIH sine bygg og idrettsanlegg er lokalisert ved Sognsvann med Nordmarka som næraste nabo. Lokaliseringa skapar svært gode rammer for idrettsstudiar.

## Studiar

Norges idrettshøgskole er ein attraktiv studiestad. Søkartala i 2011 var høge og inntakskvaliteten god. Vi fyller opptaksrammene, og dei uteksaminerte kandidatane er etterspurde i arbeidsmarknaden. Samla sett hadde høgskolen

20 % fleire søkarar til grunnstudia gjennom Samordna opptak enn i 2010. Auken i primærsøkarar var heile 35 %. NIH var den lærestaden som hadde størst prosentvis auke i primærsøkarar av statlege universitet og høgskular. Særleg var aukinga til bachelor i idrettsvitenskap oppløftande. Der var det 51 % fleire primærsøkarar enn i 2010. Auken i tal på søkarar gjaldt dei fleste studietilboda. Det var heile 31 % auke i eksterne primærsøkarar til bachelor 2. studieår, fleire studentar frå første år gjekk vidare på bachelorløypa, og vi hadde liknande søkartal til master i idrettsvitenskap som i 2010. I tillegg var det mange kvalifiserte søkarar til fleire av deltidsstudia.

NIH leverte gode utdanningsresultat i 2011.

Studiepoengproduksjon per heiltidsstudent var høg, og det var godt samsvar mellom studentane sine planlagde og gjennomførte studiepoeng. Gjennomstrøyminga på masterprogramma på normert tid er høg samanlikna med andre utdanningsinstitusjonar. Høgskolen ser på

## Hovudtal frå NIH si verksemd

	2007	2008	2009	2010	2011
<b>Tilsette, årsverk<sup>1</sup></b>					
• Tal årsverk	195,3	196,8	199,7	211,9	222,8
• kvinneandel	40,9%	41,3%	41,3%	41,6%	43,7 %
<b>Omsetning, mill. kr</b>	163,6	187,1	209,4	211,9	226,7

<sup>1</sup> Fast og mellombels tilsette

Kjelde: Database for høyere utdanning, Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste

internasjonalisering som viktig for å utvikle fagleg verksemd og utdanningskvalitet. Det er gledeleg at satsinga på internasjonalisering av studiar gir resultat. Aldri før har NIH hatt så mange utvekslingsstudentar, engelskspråklege studietilbod og internasjonale studiesamarbeid.

Studentane er generelt svært godt nøgde med å studere ved NIH. Det har vore ei positiv utvikling med tanke på kjønnsbalanse siste år. Særleg gledeleg er det at kvinnedelen på 1. år bachelor i idrettsvitskap (IBA) har auka til heile 51%. Det er første gong sidan kvotering av kvinner vart fjerna at NIH har jamn kjønnsfordeling på første år bachelor. Totalt på NIH var det i 2011 45 % kvinnelege studentar. Høgskolen har framleis nokre studiar som har for få kvinner. Samstundes er det andre studiar der vi ønskjer fleire mannlege studentar.

NIH har som målsetting å styrke kvalitet og yrkesrelevans i studieprogramma. Vi må òg i større grad gjere tydeleg kandidatane sin kompetanse i arbeidsmarknaden. Eit stort fleirtal av våre kandidatar meiner utdanninga ved NIH er relevant for den jobben dei har, og dei fleste av kandidatane får relevant jobb etter ferdig utdanning. Sjølv

om NIH-kandidatar er etterspurde i arbeidsmarknaden, har kandidatar frå enkelte utdanningar utfordringar i konkurransen med profesjonsretta utdanningar som er godt etablert i marknaden. NIH tar denne utfordringa på alvor. Arbeidet med relevanskvalitet er av stor strategisk verdi. Det er etablert eit alumninettverk og eit råd for samarbeid med arbeidslivet. NIH ser fram til at tettare samarbeid med arbeidslivet vil gi nyttige innspel på relevans i studiane og kvalitet på våre kandidatar.

NIH arbeider kontinuerleg med studiekvalitet i form av studieutvikling, fokus på læringsmiljø og studiekultur, fokus på rutinar og administrative tenester og sjøve kvalitetssikringssystemet. NIH har generelt sett god og til dels svært god kvalitet i utdanningane. Vi har etablert eit funksjonelt og styringsvennleg kvalitetssikringssystem som gir grunnlag for å setje i verk tiltak for forbetring der det er behov. Hausten 2011 vart kvalitetssikringssystemet evaluert for andre gong av Nasjonalt organ for kvalitet i utdanningen (NOKUT). Ein sakkunnig komité leverte sin rapport i desember 2011. NOKUT sitt styre vedtok 14. februar 2012 å godkjenne system for kvalitetssikring av utdanning ved NIH, og gav samstundes gode råd for vidare utvikling.



Nokre nøkkeltal studiar	2009	2010	2011
<b>Studentar</b>			
Primærstøkarar, 1. år bachelor i idrettsvitskap (1BA)	577	579	875
Primærstøkarar, totalt lågare grad (inkl. egne fra 1. til 2. år bachelor)	1335	1462	1825
Primærstøkarar, master i idrettsvitskap	185	239	229
Poenggrenser opptak 3-årig bachelor i idrettsvitskap (ordinær kvote, suppleringsopptak)	44,5	46	50,9
Registrerte studentar, totalt (høstsemester)	1238	1438	1382
Registrerte studentar, 1BA	146	150	143
Registrerte studentar lågare grad, totalt (inkl. 1BA)	598	672	717
Registrerte studentar, master i idrettsvitskap	171	185	185
Registrerte studentar deltid	438	560	451
Kvinnedel 1BA	33 %	32 %	51 %
Kvinnedel lågare grad, totalt	41 %	40 %	44 %
Kvinnedel master i idrettsvitskap	46 %	41 %	34 %
Innreisande utvekslingsstudentar	18	29	49
Utreisande utvekslingsstudentar	4	13	44
<b>Uteksaminerte kandidatar</b>			
Bachelor i idrettsvitskap	100	128	146
Praktisk-pedagogisk utdanning	28	26	31
Master i idrettsvitskap	49	63	72
Master i idrettsfysioterapi	17	4	17
<b>Studiepoengproduksjon</b>			
Nye studiepoeng per eigenfinansiert heiltidsekvivalent	47,9	49,8	54,8
Totale studentårsverk (60-studiepoengsenheter)	816,8	930,3	1012,8
Heiltidsstudiar, eigenfinansierte studentårsverk	631	705,9	787,6
Deltidsstudiar, eigenfinansierte studentårsverk	19,5	36,1	33,3
Deltidsstudiar, eksterntfinansierte studentårsverk	166,3	188,3	191,9



## Forskning

Norges idrettshøgskole sin visjon i Strategisk plan for 2011-2015 er å vere ein internasjonal leiande institusjon når det gjeld utdanning og forskning innan idrett og fysisk aktivitet.

I perioden 2011-2015 skal NIH satse på forskning innan følgjande tema:

- Trening og prestasjonsutvikling i breidde- og toppidrett
- Samanhengar mellom fysisk aktivitet, helse og livskvalitet i folkesetnaden med eit særleg fokus på lavaktivitet og inaktivitet
- Innhald i og verknad av kroppsoving og fysisk aktivitet i skulekvardagen

Satsingsområda vil vera forande for prioritering av ressursar i planperioden.

Fagseksjonane har utarbeidd eigne handlingsplanar for planperioden som inneheld målsetjingar og tiltak innan satsingsområda. I 2011 har alle fem fagseksjonane etablert prosjekt innan satsingsområda. Forskingsvolum og -kvalitet varierer noko mellom fagseksjonane. Det er eit strategisk mål å ha høg kvalitet og høgt volum innan alle områda. Som eit konkret verkemiddel utlyste styret hausten 2011 fire strategiske stipendiatstillingar innan temaet ”Innhald og verknad av kroppsoving og fysisk aktivitet i skulekvardagen”.

## Forskning

NIH er mellom dei institusjonar i universitets- og høgskulesektoren som produserer flest vitenskaplege artiklar per undervisnings-, forskings-, og formidlingsstilling.

	2008	2009	2010	2011
Tal vitenskaplege publikasjonar	97	135	161	167
• Nivå 1	66	105	118	127
• Nivå 2	31	30	43	40
Tidsskriftartiklar	88	112	132	136
Antologiartiklar	9	23	29	31



Høgskolen tar både andre (Seksjon for idrettsmedisinske fag)- og åttandeplassen (Seksjon for kultur og samfunn) på lista over Noregs ti mest produktive forskingsinstitusjonar (målt i publikasjonspoeng per førstestilling, postdoc og forskar, Database for statistikk om høgre utdanning ). Dette beviser at NIH er ein spydspiss innan idrettsvitskapleg forskning.

NIH sine forskarar har eit vesentleg internasjonalt FoU-samarbeid og ein stor del nasjonale og internasjonale forskingsmidlar. Samla omsetning på oppdrags- og bidragsprosjekt i 2011 var kr 23 millionar og utgjør no 10 % av samla driftsinntekter mot 8 % i 2010.

Enkelte av høgskolen sine forskingsmiljø er i den internasjonale toppklassen. Til dømes: I 2011 sendte Senter for idrettsskade-forskning søknad til Norges Forskningsråd (NFR) om å verta Senter for fremragende forskning (SFF) og fekk toppkarakter i NFR si eksterne evaluering av søknadane. Om dette vil sei at senteret går vidare til neste og avgjerande søknadsrunde er førebels ikkje avklart. Resultatet kjem i mai 2012.

Eit anna sentralt verkemiddel for å styrke internasjonalisering er støtte til utlandsopphald både for faste tilsette og stipendiatar. Ordninga er vidareført i 2011. I våre interne resultatsystem for tildeling av midlar til fagseksjonane, vert det òg gitt høgare uttelling for publikasjonar med ein internasjonal samarbeidspartnar. I samband med forskarutdanninga tilrettelegg vi for at kandidatane kan ha eit opphald ved ein utanlandsk forskarinstitusjon og delta på internasjonale konferansar.

**Resultatet i 2011 av innsatsen dei siste åra var mellom anna:**

- 1/3 av forskingsproduksjonen til NIH er publisert i samarbeid med ein internasjonal samarbeidspartnar
- 8 av 10 publikasjonar er skriven på engelsk
- I 60 % av doktorgradskomiteane var begge opponentar utanlandske

NIH har i dag ca 70 stipendiatar i sitt program. I 2011 vart

det satt ny rekord i tal uteksaminerte doktorgradskandidatar: 14 kandidatar vart uteksaminert. I slutten av 2011 avla kandidat nr 100 sin doktorgrad i NIH sitt doktorgrads-program. Hausten 2011 vart kvalitetssikring av doktorgradsutdanninga evaluert og godkjent av NOKUT.

I 2010 inngjekk NIH ein avtale med Forskningsparken om kommersialisering av FoU-resultat. Forskningsparken har i 2011 vurdert og bistått i samband med to prosjekt. Det eine prosjektet har resultert i etablering av eit eige AS der Forskningsparken er medeigar.

### Fagleg fokus

Inndelinga i fem fagseksjonar syner NIH si faglege breidde. Som spesialuniversitet skal NIH dekke heile det idrettsfaglege feltet. Seksjonane har følgjande faglege fokus:

- Seksjon for fysisk prestasjonsevne studerer avgjerande faktorar for fysisk prestasjonsevne og effekt av trening. Seksjonen har eit særleg ansvar for studiar i idrettsbiologi og for forskning innan trening og prestasjonsutvikling.
- Seksjon for coaching og psykologi har hovudinnretningane meistringspsykologi og helsepsykologi. Seksjonen har ansvar for trenarutdanninga på NIH og bidrar både innan forskning på trening og prestasjonsutvikling og innan fysisk aktivitet og helse.
- Seksjon for kroppsoving og pedagogikk har ansvar for utdanning av kroppsovlingslærarar, spesialpedagogar i tilpassa fysisk aktivitet og vegleiarar i friluftsliv. Pedagogikk er det sentrale fagområdet. Friluftsliv, leik og dans er tyngdepunkt på aktivitetssida. Seksjonen vert viktig i NIH si satsing på forskning om kroppsoving og fysisk aktivitet i skulekvardagen.
- Seksjon for idrettsmedisinske fag studerer korleis fysisk aktivitet kan bidra til utvikling av fysisk og psykisk helse, forebygge sjukdom og auke livskvalitet hos menneske med ulike typar lidningar. Seksjonen er ansvarleg for studieprogram i fysisk aktivitet og helse. Forskinga fokuserer på forebygging av idrettsskadar; kvinner, trening og helse; fysisk aktivitet og helse; overvaking av fysisk aktivitet og fysisk form; og aktiv rehabilitering av muskel-/skjelettlidningar.

- Seksjon for kultur og samfunn har sitt fagleg tyngdepunkt innan idrettssosiologi, idrettshistorie idrettsfilosofi og sport management. Seksjonen driv undervising og forskning ut frå samfunnsvitskaplege og humanistiske perspektiv. Her ligg ansvaret for sport management-utdanninga, og forskinga fokuserer mellom anna på idrett og identitet, idrett og kjønn, idrett og leining og idrett og verdier.

### Formidling og populærvitskapleg verksemd

NIH er eit nasjonalt knutepunkt for idrettsfagleg ekspertise med ansvar for å samle, utvikle og formidle relevant kompetanse og erfaring til samfunnet.

Høgskolen legg mykje ressursar i å gjere sine forskingsresultat tilgjengelege for alle. Samtlege forskingsprosjekt er kategorisert på tema og publisert i eit lettforståeleg språk under Forskning på våre nettsider (norsk og engelsk). Her legg vi òg ut månadlege oversikter over alt som er publisert ("Hvem har publisert hva?"). I tillegg publiserer vi nytt om alle høgskolen sine avlagte doktorgradsprosjekt. Våre månadlege nyhendebrev vert sendt ut til over 3000 abonnentar. Høgskolen er medlem av forskning.no der vi jamleg publiserer forskingsstoff.

Høgskolen sine forskarar er ofte i media. Stoff om trening, idrett og helse er populært og hyppig på media sin dagsorden.

Høgskolen sine studentbloggarar vart følgd av mange våren 2011. Vi har òg mange som føl oss på Facebook.

I Synovates si profilundersøking for 2011 oppnår NIH høgast skår av alle universitet og høgskular i Noreg. Av over 80 norske etatar og organisasjonar som er med i undersøkinga, hamnar høgskolen på ein 7. plass. Resultatet syner at NIH er godt kjend og godt likt i den norske folkesetnaden.

NIH sitt bibliotek er det største idrettsbiblioteket i landet. Boksamlinga har primært idrettsfaglege emne og eit utlån på vel 17 500 i året. Søk i databasar auka med 8 % i 2011 og nedlastingar av artiklar auka med 12 %. Per 31.12.2011 var 61 % av våre vitskaplege artiklar frå 2010 i vårt institusjonelle arkiv Brage. Formalisert opplæring av brukarar aukar og utgjorde totalt 60,5 undervisingstimar i 2011, då er timane til førebuing ikkje rekna med. Brukarane våre hadde per 31.12.2011 tilgang til 7681 elektroniske tidsskrift.



# Økonomisk stilling

NIH er i hovudsak finansiert av statleg grunnløyve. I tillegg mottar høgskolen enkelte øymerka offentlege tildelingar, kursavgifter til delvis inndekning av kostnader i samband med høgskolen sine etter- og vidareutdanningsaktivitetar, leigeinntekter frå eksterne brukarar av høgskolen sine anlegg, samt inntekter frå eksterne oppdragsgivarar for forskings- og utreiingsoppdrag NIH tar på seg.

Balansen syner verdien av høgskolen sine egedelar, verksemdskapital og gjeld. Anleggsmidlar og immaterielle egedelar med verdi over 30 000 kr og varigheit på minimum tre år vert aktivert i balansen og avskriven over egedelens ventelege levetid.

NIH har i 2011 gjennomført statsoppdraget innan vedtatt budsjett, samstundes som planlagde investeringar er gjennomført.

## Regnskap 2011

Resultat (i 1000 kr)	31-12-2011	31.12.2010
<b>Driftsinntekter</b>		
Inntekt frå løyvingar	184 383	176 363
Tilskot og overføringar frå andre	25 563	20 973
Sals- og leigeinntekter	18 644	14 550
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>228 590</b>	<b>211 886</b>
<b>Driftskostnader</b>		
Løn og sosiale kostnader	148 947	138 760
Andre driftskostnader	58 682	53 827
Avskrivningar	19 025	18 750
<b>Sum driftskostnader</b>	<b>226 654</b>	<b>211 337</b>
Ordinært driftsresultat	1 936	549
<b>Finansinntekter og finanskostnader</b>		
Finansinntekter	1	3
Finanskostnader	11	6
<b>Sum finansinntekter og finanskostnader</b>	<b>-10</b>	<b>-3</b>
Resultat av ordinære aktivitetar	1 926	546
<b>Sum avrekningar</b>	<b>-1 725</b>	<b>-491</b>
<b>Resultat for perioden</b>	<b>201</b>	<b>55</b>
Tilført annan opptjent verksemdskapital	201	55
<b>Sum disponeringar</b>	<b>201</b>	<b>55</b>

Balanse	31.12. 2011	31.12.2010
<b>EIGEDELER</b>		
Sum immaterielle egedeler	1 418	755
Bygningar, tomtar og annen fast eigedom	375 404	388 886
Maskinar og transportmiddel	1 644	1 702
Driftslausøyre, inventar, verktoy og liknande	17 953	16 615
Sum varige driftsmiddel	395 001	407 203
<b>Sum anleggsmiddel</b>	<b>396 419</b>	<b>407 958</b>
Sum fordringar	7 699	6 818
Sum kasse og bank	57 295	58 571
<b>Sum omløpsmiddel</b>	<b>64 994</b>	<b>65 389</b>
<b>Sum egedeler</b>	<b>461 413</b>	<b>473 347</b>

Resultat	31.12. 2011	31.12.2010
<b>VERKSEMDSKAPITAL OG GJELD</b>		
<b>Sum verksemdskapital</b>	<b>6 113</b>	<b>6 413</b>
Ikkje inntektsført løyving knytt til anleggsmiddel	396 351	407 885
Sum avsetjing for langsiktige forpliktingar	396 351	407 885
Sum anna langsiktig gjeld	68	75
Sum kortsiktig gjeld	36 653	36 785
Avsetning statleg og bidragsfinansiert aktivitet (nettobudsjetterte)	20 686	18 459
Ikkje inntektsførte løyvingar og bidrag	1 542	3 730
Sum avrekningar	22 228	22 189
<b>Sum gjeld</b>	<b>455 300</b>	<b>466 934</b>
<b>Sum verksemdskapital og gjeld</b>	<b>461 413</b>	<b>473 347</b>

# HELSE, MILJØ OG SIKKERHET

I 2011 er det systematiske HMS-arbeidet ved NIH videreført. Dette gjeld både sentralt og ved dei ulike einingane. Vi arbeider målretta med oppgåver, og arbeidet vert retta mot dei HMS-utfordringane høgskolen måtte ha.

Det totale sjukefråveret ved høgskolen har hatt ein oppgang frå 3,5 % til 4,45 % i 2011. Dette skuldast hovudsakleg ein oppgang i tal på legemeldt fråver mellom dei tilsette i undervisnings- forskings- og formidlingsstillingar (kvinner og menn) og kvinnelege tilsette i teknisk- og administrative stillingar.

Arbeidstilsynet kom på eit varsla tilsyn i april 2011. Tema for tilsynet var i hovudsak det psykososiale og organisatoriske arbeidsmiljøet. I sin sluttrapport får høgskolen ros for sin HMS-struktur og for gjennomføring av arbeidsmiljøundersøkingar med oppfølging. Den formelle ivaretakinga av lover og regelverk er ivaretatt i tilstrekkeleg grad ved høgskolen. NIH fekk ingen pålegg. Tilsynet var ein nyttig gjennomgang og ein kvalitetssikring av NIH sitt HMS-system og dokumentasjon.

HMS-håndboka og avvikssystemet er godt implementert og vert nytta som eit oppslagsverk for alle tilsette. Gjennom avvikssystemet vert alle rapporterte avvik loggført og handsama. Avvikssystemet fungerer som NIH sin varslingskanal.

Det vart meldt 83 avvikssaker i 2010 derav 18 avvik var personskader.

Alle leiarar med personalansvar ved NIH har gjennomført HMS kurs. Nytilsette leiarar med personalansvar får fortløpande tilbod om å gjennomføre slikt kurs. Dei fleste seksjonar og avdelingar har hatt HMS som eige tema på sine avdelings- og fagseksjonsmøter i 2011. Leiarane rapporterer at det vert jobba systematisk med tiltak for å betre arbeidsmiljøet i eigen eining og angripe dei HMS-utfordringar eininga måtte ha.

## Ytre miljø

NIH si verksemd forureinar ikkje det ytre miljøet utover det som må ventast. Det er teke omsyn til miljøet som ein integrert del av drift og undervisning ved høgskolen.

Grønt NIH legg vekt på innkjøp (miljøprodukt), avfall og energi.

- Energiforbruket er dei seinare år redusert vesentleg som følge av effektive ENØK-tiltak. Dette arbeidet held stadig fram.
- Driftsavfallet vert sortert i alle fraksjonar og vi har rimeleg god kontroll på sorteringa sjølv om vi manglar eigna lokale for ei maksimal løysing.
- Vi har god oversikt over kva kjemikaliar som vert nytta gjennom systematisk registrering og vil arbeide for å redusere mengda.
- Eit hovudfokus framover vil framleis vere krav til miljømerka produkt og rammeavtalar med miljøfokus.

Høgskolen starta i 2010 eit prosjekt i samarbeid med Undervisningsbygg for å etablere eit ”nærvarmeanlegg” på tomte til høgskolen. Hafslund har ikkje sett det lønsamt å levere fjernvarme til bygningane på Kringsjø/Sognsvann. Vi ønskjer derfor å få ein profesjonell aktør til å drive eit anlegg basert på fornybar energi som i første omgang skal levere til andre aktuelle kundar i området. Dette vil krevje eit eige bygg på eit nylig omregulert tomteområde. Avklaringar knytt til plassering skjer mot reguleringsmyndesmakten og byantikvar før vi kan annonsere anbod.

## Anlegg

NIH vart etablert med første byggetrinn i 1966. Siste byggetrinn vart gjennomført i 2008 og teken i bruk i januar 2008, totalt utgjer no areal med bygningsmasse 34 797 m<sup>2</sup>. Tomta er på 144 mål. Av dette utgjer 19 500 m<sup>2</sup> bygningar og 95 mål er idrettsanlegg og park. NIH forvaltar sin eigen eigedomsmasse.

NIH sine bygg og anlegg er primært nytta til undervising og forskning. NIH-studiane sin faglege profil, med stort innslag av aktivitetsfag innan mange idrettar, krev store areal og varierte anlegg. Omlegging av studiar i tråd med Kvalitetsreformen har styrka kravet til funksjonelle anlegg ytterlegare.

NIH har stadig større utfordringar knytt til bygningsmassen med eit synleggjort etterslep på vedlikehald på over 200 MNOK (2006). Statsbygg har på vegne av Kunnskapsdepartementet gjort ferdig forprosjektering av ei totalrehabilitering av sentralbygget, symjehallen og gymbygga (alle bygd på 60-talet). Rehabiliteringa er budsjettetert til i overkant av 600 MNOK.

Vår forventning om oppstartsløyve i 2012 vart ikkje innfridd. Den aktuelle bygningsmassen er i akselererande forfall og det kan verta kritisk om vi ikkje kjem i gong i 2013. Vi har sjølsagt store forventningar til at det skal skje. Ei slik totalrehabilitering vil i tillegg til å stanse akselererande nedbryting av over førti år gamle konstruksjonar, føre til betre inneklima

og tilsette og studentar. Andre effektar vil vere reduserte driftskostnader både grunna energisparing og mindre av det krevjande bygningsvedlikehaldet, og utskifting av tekniske installasjonar som i dag har store avvik og krev tett og kostbar oppfølging. Ikkje minst vil vi kunne tilpasse bygningane sitt areal til noverande og framtidig undervising og forskning. Vi ser mellom anna høve til å få til ei etterlengta utviding av kantina, ytterlegare utviding av kontor, eige lager for plasskrevjande utstyr for friluftslivundervisinga, utvida treningssenter med dagslys og eige bygg for kjeldesortering av avfall.

Bygningsmassen som vi planlegg å få rehabilitert har høge arkitektoniske kvalitetar. Riksantikvaren har avgjort å freda interiøret i og fasaden på symjehallen, og verne andre fasadar. Delar av høgskolen sine parkanlegg fekk i ny reguleringsplan (2010) vernestatus. Saman med store utfordringar knytt til universelt tilgjenge bidrar dette til ein både krevjande og kostbar planleggings- og byggeprosess.

Bystyret vedtok i 2010 ein ny reguleringsplan for eigedomen som gir store moglegheiter for utviding av både idrettsanlegg og kontor. Avhengig av utforminga til bygga kan eigedomen verta utvida med omkring 70 000 m<sup>2</sup>. I samarbeid med Norges idrettsforbund har vi etablert eit prosjekt (Campus Sognsvann) som har starta utgreiing av dei moglegheitene ny reguleringsplan gir. Ei utbygging vil kunne verte eit nasjonalt treningssenter for idretten og skape store synergiar mellom høgskolen og idretten.



# Styre og leiing ved NIH

## Styret

### Rektor og styreleiar

→ Sigmund Loland

### Vitskapleg tilsette

→ Mari Kristin Sisjord  
Egil Johansen  
Elin Kolle

### Teknisk administrativt tilsette


→ Tom Atle Bakke

### Studentar

→ Agni Fjogstad Nielsen  
Tor-Inge Gløppen

### Eksterne medlemmer

→ Niels R. Kiær  
*(Partner, Advokatfirmaet Rime & Co)*  
Per Nilsson  
*(Generaldirektør, myndighetssjef for Ungdomsstyrelsen i Sverige)*  
Wenche Nystad  
*(Seniorforskar, Folkehelseinstituttet)*  
Tove Strand  
*(Direktør, Ullevål universitetssjukehus)*





Noregs idrettshøgskole | Sognsveien 220 | 0863 Oslo  
Telefon: +47 23 26 20 00 | Fax: 22 23 42 20 | [www.nih.no](http://www.nih.no)